

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.02.2017

Vår ref.: 201606273-3

Arkiv: 312

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Frank Jørgensen

Tlf/e-post: 22 95 94 31/frjo@nve.no

Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL) - Søknad om løyve til å overføre to bekker til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke søknad fra SKL, datert 11.1.2017, om løyve til å overføre Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til vassstunnelen til Blåfalli III i Kvinnherad kommune.

Tiltaket ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune. Det søkast om å overføre Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til vassstunnelen i Blåfalli III. Inntak Grøningsbekken 2 er planlagt på kote 730, mens inntak Bekk Urdabotn er planlagt på kote 720. Bekkeinntaka er planlagt etablert vegløst og med sjaktboring. For kvart inntak blir det etablert ein mindre platedam i bekkeløpa.

Tiltaka vil tilføre ekstra vatn frå eit samla nedbørfelt på 1,5 km², som kan nyttast i Blåfalli III kraftverk. Tiltaka vil gje ein årleg samla gevinst på 4,8 GWh.

Søknaden handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Søknaden med vedlegg blir lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Vi ber Kvinnherad om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn hos kommunen fram til 15.5.2017. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi viser ellers til vedlagte informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring frem til endeleg løyve. Av dette går det fram hvilke tilbakemeldingar vi ønsker.

NVE foretrekk at uttala sendast elektronisk. Gå inn på sakas heimeside via www.nve.no/konsesjonssaker for link til nettskjema. I tillegg kan uttala sendast per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Uttala sendast så snart som mogleg og seinast innan **15.5.2017**.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegn er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med hilsen

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Frank Jørgensen
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: Kunngjering

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune v/Sveinung Klyve
Kvinnherad kommune
Kvinnherad turlag
Naturvernforbundet i Hordaland
Naturvernforbundet Kvinnherad
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold



SAKSHANDSAMINGSRUTINAR VED SØKNAD ETTER VASSDRAGS-REGULERINGSLOVA UTAN KONSEKVENSTUTGREIING

Generelt

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt etter vassdragsreguleringslova (reguleringslova). Reguleringar av magasin og overføring av vatn som gir ei kraftauke utover 500 naturhestekrefter (eller 3000 naturhestekrefter i heile vassdraget) blir handsama etter reglane i reguleringslova. Tilleggsoverføringar eller –reguleringar blir handsama etter reguleringslova utan omsyn til storleik. NVE kan ikkje fatte vedtak etter reguleringslova, men skriv tilråding til Olje- og energidepartementet (OED).

Prosjektet fell ikkje inn under reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:
www.nve.no/vannkraft-ku.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst tre månader. Saka blir kunngjort i lokale aviser, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil NVE i mange saker (avhengig av omfanget av saka) invitere til ei synfaring i samarbeid med søkjar. Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE vil deretter gi si tilråding i saka til OED. Ved ei totalvurdering står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsesjon, vil forslag til konsesjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til staten og kommunar, konsesjonskraft, godkjenning av detaljplanar for

utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved ev. brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjonar etter at reguleringslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via våre nettsider, www.nve.no/vannkraft.

Rett til motsegn

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til Rettleiar 3/2010 s. 17 for nærmare informasjon om dette (se www.nve.no/vannkraft-ku).

-Kunngjering-

Søknad om løyve til å overføre Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Kvinnherad kommune

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) søker om løyve etter vassdragsreguleringslova til å overføre Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til vasstunnelen til Blåfalli III. Overføringane vil gje ein samla årleg auka kraftproduksjon på 4,8 GWh i Blåfalli III kraftverk. Dette svarar til straumbruken til om lag 240 husstandar.

Søknad med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i Kvinnherad kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Magne Andresen på tlf.: 975 56 146 eller e-post: man@skl.as. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **15.5.2017**.